

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING 2009

ADMINISTRASJON

Styre:

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	(2006 – 2010)
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	(2006 – 2010)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2006 – 2010)
<i>Jørn Martin Joramo</i>	(2008 – 2012)
<i>Egil Killi</i>	(2008 – 2012)
<i>Øivind Groven</i>	(2008 – 2012)

Varamedlemer 2006 – 2010:

1. *Odd Kronberget*
2. *Pål Terje Haakenstad*
3. *Tor Bøe*

Varamedlemer 2008 -2012:

1. *Rune Fossmo*
2. *Nils Gråberg*
3. *Morten Hovhaugholen*

Valkomite:

Jon Arnt Kullungstad
Bjørn Hage
Anne Elisabeth Sønstebø
Varamedlem: *Jon Erik Amundgård*

Dovre elgutval:

Tor Ivar Hovhaugholen

Jorkvitlan grunneigarlag:

Tor Ivar Hovhaugholen

Revisor:

Ola Jakob Myhre, Lillehammer

Kontor:

Narve Tveiten (50% stilling - ålmeningsstyrar)

Det er halde 11 styremøte og 51 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joramo Utmarkssenter 15. april med 4 styremedlemer og styrar til stades.

Styrar har gjennomgått og rydda arkivet, og lagt det opp etter ny plan (Norsk Standard). Det er 30 år sidan førre gjennomgang utført av styrar Kristian Askjellerud.

SPESIELLE STYRESAKER I 2009

Grustak i Mysusmørbakken

Det er inngått avtale med Jan Haugen AS om leige av massetak i Mysusmørbakken. Likeins er det inngått avtale med Snøhetta Næringspark AS fordi reguleringsplanen for massetaket og omfattar ein del av området deira. Det er og inngått utbyggingsavtale med Dovre kommune om massetaket.

I 2009 var uttaket i underkant av 30.000 m³. Etter innbetaling til fond for opprydding etter avslutta uttak, sit ålmenninga att med kr 9,- pr. m³ utteke masse.

Motocrossbane

Styret har godkjent forslag til avtale med Dovrefjell MX Klubb om leige av ca 25 da areal til ny motocrossbane i Mysusmørbakken. Festeavgifta følgjer prisen for næringsareal i ålmenninga, men klubben får 33% rabatt på festeavgift dei fyrste ti åra. Rabattordninga skal takast opp til ny vurdering i 2019.

Tiltak på Dovrebanen

Etter avtale med Jernbaneverket frå 2005, er undergangane i Måsådroget og Gamle setervegen erstatta med stålrør med innvendig diameter 2,5 meter. Dette har skapt ein del vanskar for beitebrukarane med å få dyra gjennom røyra, spesielt storfe. Jernbaneverket har gjeve kr 75.000 i eingongstilskot til tiltak for betre tilhøva for beitebrukarane. Beløpet er overført til Jora beitelag som tek seg av å gjennomføre aktuelle tiltak.

Bruksrettsak

Arne Hage, Dovre har som eigar av Kongslykkja reist krav om at eigedommen har bruksrett i Joramo bygdealmening. Kravet er avvist av styret fordi eigedommen ikkje lengre er ein sjølvstendig jordbrukseigedom, men tilleggsgjord til garden Furuheim på Dovre som Hage eig frå før, og som har bruksrett i Dovreskogen bygdealmening. Etter lov om bygdealmeningar er det mellom anna krav om jordbruksbebyggelse for at ein eigedom skal ha bruksrett. Tunet på garden Kongslykkja vart frådelt ved salet i 2005. Styret påstår at bruksretten med dette er falle bort for det attverande jordarealet. Norsk Almenningsforbund støttar dette synet.

Hage fremma kravet for Forlikrådet. Etter ynskje frå partane vedtok Forlikrådet å innstille saka. Det er uklart om Hage vil gå vidare med saka.

Samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre

Gruppa som var nedsett for å arbeide med samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre stod i stampe ved årsskiftet 2009-/10. På møte fyrst i mars såg gruppa ingen annan utveg enn å avlyse prosjektet, og gje Innovasjon Norge beskjed om at tilskotet på kr 82.500 ikkje kom til å bli brukt. Grunnen til dette var fyrst og fremst at det ikkje var aktuelle utbyggingsprosjekt å ta

tak i. Elles har det vore vanskeleg å få nokon i gruppa til å leie prosjektarbeidet. I siste liten vart prosjektet redda av ny interesse i Lesja kommune for overgang til biovarme i kommunale bygg i Lesja sentrum. Ålmenningstyret gjekk inn for at prosjektet skulle gjennomførast, det vart søkt Innovasjon Norge om forlenga frist for å fullføre prosjektet frå 01.08.2009 til 01.05.2010. Søknaden vart innvilga. Det er framleis lita framdrift i prosjektet fordi politisk vedtak i Lesja om satsing på biovarme let vente på seg. Kommunen planlegg ein fagtur for politikarar og administrasjonen for å sjå på biovarmeanlegg i Heidal og på Otta på nyåret 2010. Etter dette er det venta ei politisk avklaring om satsing på biovarme i kommunen.

Prosjekt Jora Næringsområde

Joramo bygdealmening er saman med Jora Industribygg AS, Jora Næringspark AS og Snøhetta Næringspark med på eit prosjekt der hovudmålet er å vidareutvikle industri- og næringsområda på Joramo / Dombås til ein framtidsretta –og innoverande arena for eksisterande bedrifter og ”mulighetens arena” for nye bedrifter, gründerar m.m., som vil satse i vår region. Prosjektet starta opp våren 2008. Styrar deltek i prosjektgruppa.

Det er gjort kartlegging av aktiviteten som er etablert i området, behov for vidareutvikling hjå aktørane og forslag til nye aktivitetar. Det har vore diskutert etablering av eit større næringsbygg i området for aktuelle interessentar og med ein utleigedel nye interessentar. Tanken om eit driftsselskap for bygget som består av dei store aktørane i området er lansert.

For Joramo bygdealmening står utnytting av Utmarkssenteret sentralt. Det er føreslege samling av ulike landbrukstenester i Lesja og Dovre i kontorbygget, slik som Tine Producent-tjenesten, avløysarlag, sekretæriat for beitelag og grunneigarlag og Lesja og Dovre Treforum. Det er og føreslege ein samordningsfunksjon (koordinator) for drift og vedlikehald, fellesinnkjøp, strøm, data, rekneskap for aktørane på Jora Næringsområde. Elles har Dovre Håndverksenter – Bygningshistorisk Park i samarbeid med Regionkontoret teke initiativ til etablering av materialbank for vrykje med spesielle kvalitetar med administrasjon på Utmarkssenteret. Ute er det frå før av føreslege felles slakte- og kontrollplass for hjortevilt i Lesja og Dovre.

Samarbeidstiltak ved Jora jernbanebru

Ålmenninga har fullført sin del av samarbeidstiltak ved Jora jernbanebru. Kommunane her sett opp tavle for informasjonsplakat, men ljosanlegget manglar framleis.

BRUKSRETT

Pr. 31.12.2009 var det 111 bruk i Lesja og 48 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 159 bruk. Eigedommen Skogen gnr 136 bnr. 6 i Lesja er samanslege med Strandheim gnr 139 bnr. 8.

Det er utbetalt kr 179.989 i *bruksrettsytningar* og kr 16.670 i *tilskot* til bruksrettshavarar, totale utbetalingar kr 196.659.

Det er *utvist ved* til 31 bruksrettshavarar. I samband med rydding etter Dovrebanen overtok ålmenninga vyrke gratis framkøyrd til veg frå Jernbaneanverket. Dette er så mykje vyrke at det blir rundt 10 m³ til fordeling på alle. Bjørn Ødegård har teke på seg opplasting, og transport til dei som ynskjer det.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

Det er 16 aktive medlemmer i Jora beitelag, 8 med sau og 8 med storfe.

1861(1803) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 23 (67) søyer og 123 (148) lam gjekk tapt. Det er funne sau drepe av ørn og jerv. Sau er påkjørt av tog. Elles ingen skade etter bjørn i 2009.

I tillegg har 165 (193) storfe og 7 (8) geiter beita i ålmenninga. Tap: 0 storfe og 1 geit.

SKOGENS DRIFT

Skogkultur

Det er *planta* 4000 furuplanter ovanfor Hindåvegen. Arbeidet vart gjort av plantegjeng til Mjøsen. Kvaliteten på arbeidet er ikkje tilfredsstillande utført. Det er mange døme på feil val av planteplassar med det resultat at plantene har tørka ut. Foryngingskontroll utført av skogbrukssjef Trond Berger bekrefta dette.

Det er *avstandsregulert og rydda* 48 da ovanfor Hindåvegen ved sida av feltet som vart planta. Arbeidet er utført av Olav Brendjord for Mjøsen Skog – som vanleg godt utført arbeid.

Skogsdrifter sesongen 2008/-09.

1. Frørestillingshogst ovanfor Snøhetta Næringspark utført av Skurdal & Rolstad Tømmerdrift:

Inntekter	Volum m³:	Verdi:	Pris pr. m³:
Sortiment			
Massevyrke furu	365,19	77056	211,00
Furu sagtømmer sams	411,73	145911	354,39
Furu sagtømmer utlegg	40,33	8267	204,98
Furu sagtømmer vrak	2,36	0	0,00
Furu sagtømmer toppmålt	41,65	19076	458,01
Furu sagtømmer	135,25	39205	289,87
Furu laft toppmålt	224,23	128928	574,98
Vraka vyrke	14,20	0	0,00
Furu lengeavdrag	1,08	0	0,00
Furu diameteravdrag	2,50	0	0,00
Brutto totalt	1238,52	<u>418443</u>	<u>337,86</u>
Utgifter:			
Driftsutgifter	1218,38	149864	123,00
Måleutgifter	968,90	4209	4,34
Avvirkningsavgift	0,00	5684	0,00
FOU-avgift	1218,38	1223	1,00
Sum utgifter		<u>160980</u>	<u>129,98</u>
RÅNETTO		<u>257463</u>	<u>207,88</u>

Andel massevyrke: 29%

Andel vrak, utlegg og avdrag av innmålt sagtømmer og laft: 7%

Det er selt 59 m³ massevyrke som ikkje er innmålt gjennom tømmermålinga.

Totalt er det hogd 1298 m³ tømmer.

Balanseskantum etter skogbruksplanen er 1280 m³.

JAKT

Prisar på jakt

Pris på villreinjakt vart auka med ca 10% i 2009.

Pris på småviltjakt vart auka vesentleg. Sesongkort for småviltjakt for utanbygd kostar kr 900 med hund og kr 890 utan hund.

Elg- og hjortjakt

Fjellfeltet:

Lag: *Gunnar Holum*
Kvotegjelding elg: 1 eldre ukse og 2 kalv/ungdyr.
Kvotegjelding hjort: 1 fritt dyr
Felling elg: 1 ukse (175 kg), 1 ungdyr ukse (135 kg) og 1 ungdyr kolle (125 kg).

Skogfeltet:

Lag: *Jan Petter Ølstadløkken*
Kvotegjelding elg: 1 yngre ukse og 1 kalv/ungdyr.
Kvotegjelding hjort: 1 fritt dyr
Felling elg: 1 ukse (169 kg – 4 takkar) og 1 ungdyr ukse (138 kg)

Spesiell hjortjakt

Laget til *Gunnar Holum* jakta hjort i perioden 01.11 - 15.11. da laget som var tildelt jakta trekte seg. Ingen hjort vart felt.

Småviltjakt

Oversyn over kortsal:

Korttype:	Prisar (u.b./i.b./br.r.)	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:
Sesongkort med hund (rupe+hare)	900/450/0	17+11	9	4
Sesongkort utan hund	890/440/0	5	5	
3-dagars kort med hund	500/----/----	4		
3-dagars kort utan hund	490/----/----	1		
Snurrufangst	250/250/0		0	

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2008 i parentes):

Hare: 7 (8) stk. på 80 (81) jakt dagar fordelt på 11 (10) jegerar.

Rupe: 52 (144) stk på 95 (147) jakt dagar fordelt på 28 (36) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane:

Hare: Spriker frå god til dårleg

Rupe: Middels/dårleg

Reinsjakt

Snøhetta:

Kvotest: 2 frie dyr, 1 kluftebuk, 6 simle/ungdyr og 5 kalv.

Felling: 2 eldre bukkar, 1 ungbukk, 4 simler og 1 bukkekalf (fellingsprosent=57)

Rondane nord:

Kvotest: 1 fritt dyr, 1 simle/ungdyr u. 40 kg og 1 kalv.

Felling: 2 simler (fellingsprosent=67)

Rådyrsjakt

Lagsjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Håvard Gangsås*

" " 2 (nord for Raumabanen): *Erland Løkken*

Individuell bukkesjakt (sør for E136): *ingen*

Kvotest: 5 dyr (Ingen dyr felt.)

Rovdyrsjakt

Laget til *Gunnar Holum* felte ei *gaupe* ved Snøhetta Næringspark under kvotesjakt.

KONTORUTLEIGE

Leigetakarar pr. 31.12.2009:

Mjøsen Skog: *ubemann*

Lesja og Dovre Forsøksring: *Leif Martin Svisdal - ringleiar*

Q-meieriene: *Kari Austvik - rådgjevar*

Mjøsen Skog har sagt opp kontoret med verknad frå 1. juli 2010.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2009 syner eit resultat på kr 225.504. Hovudårsaken til det sterke resultatet er:

- Nyopna grustak i Mysusmørbakken med ei nettoinntekt av grussal på kr 236.334
- Bra resultat av skogsdrifta med ein rånetto på kr 257.463 (kr 208 pr. m3)

Det er utbetalt kr 196.659 i bruksrettsyttingar og tilskot.

Tilgangen på likvide midlar er god. Pr. 31.12.09 var inneståande beløp i bank og kasse kr 1.674.117. Det er ein oppgang på kr 407.124 i høve til året før.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 31.525 (ned kr 14.623).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 340.716 (opp kr 258.803)

Kortsiktige krav er kr 246.706 (opp kr 113.189)

Joramo Utmarksenter, 17. mars 2010

Tor Ivar Hovhaugholen
styreleiar

Birger Brækken
nestleiar

Jørn M. Joramo

Eva Nordlie

Øivind Groven

Egil Killi

Narve Tveiten

